

Oslo, 9. januar 2017

## P R E S S E M E L D I N G

### **Frist 1. februar for å søke stønad**

Stiftinga G-Kultur har søknadsfrist **1. februar 2017** både for den generelle stønadsordninga, som gjeld kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen, og for 'Årets satsing' 2017.

### **Årets satsing 2017, lokalhistoriske tidsskrift og publikasjonar**

G-Kultur har avsett egne midlar til «Årets satsing 2017», der vi prioriterer stønader i form av stipend for arbeid med artiklar til lokalhistoriske tidsskrift og publikasjonar. Det er utarbeidd egne retningslinjer for satsinga, som ein kan finne på G-Kultur si nettside. Søknadsfrist **1. februar 2017** også for denne stønadsordninga.

– Gudbrandsdalen har ein rik tradisjon med lokalhistoriske årbøker. I ei omskifteleg tid som vår er dette eit svært verdifullt kjeldemateriale, og interessa for desse bøkene er da også stor, seier Knut Hovslien, styreleiar i Stiftinga G-kultur. I år skal G-Kultur dele ut stipend til dei som skriv i årbøkene. - På denne måten håpar vi å få fram også yngre skribentar, seier Knut Hovslien. - Stoffutvalget er det sjølvstyrede einskilde redaksjonen som bestemmer, men etter vårt syn kan det vere god grunn til også å stanse opp ved meir moderne historie, slikt som kanskje berre ligg nokre tiår tilbake.

### **Svar på søknad**

G-Kultur har styremøte 19. februar, og svar på søknad både for den generelle stønadsordninga og for "Årets satsing" kan ventast seinast ei veke etter møtet.

### **Bok om Gudbrandsdalslaget i Oslo**

Forfattar og journalist Magnhild Bruheim er engasjert av G-Kultur til å skrive den samla historia om Gudbrandsdalslaget i Oslo (1920-2013). Boka blir ferdig i løpet av mars, og G-Kultur planlegg lansering rett over påske.

### **Kontakt for meir informasjon**

Knut Hovslien, styreleiar  
Kjell Austin, sekretær  
Lars Ole Ørjasæter, kasserar

knut.hovslien@online.no / 9719 5148  
kaustin@online.no / 4150 9460  
lars.ole.orjaseter@gmail.no / 9085 9406